

## Ny bru ved Fjelly.

06.10.2016



Pål Haugland og Audun Eik på den nye, flotte brua.

I går vart det gjort eit stort arbeid på den nye brua over elva mot ungdomslagshytta Fjelly som ligg ved inste enden av Mannsvatnet på Hauglandsfjellet. Heilt avslutta er rett nok ikkje arbeidet, for sjølv om brua er godt festa, er det bora hol og klargjort for ytterlegare bolting.



Pål og Svein Ove gjer førebuingssarbeid.

Det er ikkje mange dugnader i Uskedalen utan Audun Eik. Sjølv sagt var han sentral i brudugnaden og. For om lag 1 veke sidan kom stolpane på plass og vart festa. Saman med Audun var Pål Haugland og Vidar Haugland med på dette arbeidet.

I går var Pål og Audun på plass att. Dei hadde også med seg Svein Ove Bråtun. Dei fekk material til dekke opp, festa stolpane endå betre med kraftige skråband på undersida og deretter festa dei dekke og sette opp rekkverk. Med rekkverket vert det også enklare å gå over brua om ein har problem med ballansen. Rekkverk var det ikkje på den gamle brua. Den vart øydelagt av dei store snømengdene den kraftige snøvinteren for 2 år sidan.

Den nye brua framstår både som fin og solid. Mykje og tungt arbeid ligg bak. Sjølv Audun Eik seier seg samd i det.

- Ja, eg kjende det var tungt. Tre mann var absolutt minimum. Vi møttest kl.9 og heile dagen gjekk i det, fortel han. Som de ser på bileta kan dei vera svært fornøgde med resultatet. No vert det veldig greitt å komma fram til den tradisjonrike hytta til ungdomslaget.

For tilflyttarar og andre som ikkje kjenner til det, nemner eg at alle kan leige hytta. Leigesummen er svært lav, nærast symbolsk. Hytta har også blitt restaurert med m.a. nytt kjøkken. Det kjem vi tilbake til som eiga sak. Dei som ønskjer å bruka hytta, kan ta kontakt med Janne Yri 930 33 973.





Klar til å festa dekket.



Rekkverk vart det også.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Audun Eik